

## *Birgitte*

– Kva meiner du «flytta hit»? kviskra Lena og såg skeptisk på jenta nede i hagen.

– Familien med hunden har flytta hit! Dei er frå Nederland, og dei leiger huset til Oppoverbakke-Jon!

– Har dei lov til det, då?

– Det er vel klart at dei har. Oppoverbakke-Jon bur jo på aldersheimen. Kom!

Eg drog Lena ned i hagen.

– This is Lena, sa eg opprømt.

– Hi. I'm Birgitte, kremta jenta og retta høfleg fram handa.

– Hæ? sa Lena skarpt.

– Ho heiter Birgitte! sa eg.

Eg skulle ønske Lena kunne slå til og seie noko hyggeleg på den nye Kreta-engelsken sin, men det hadde ho visst ikkje tenkt. Ho såg mutt på hunden i staden. Han snusa hyggeleg på henne, slik alle dyr gjer når dei møter Lena. Eg vrei på meg i den pinlege stilla.

– Eh, do you want to build float with us tomorrow? plumpa det ut av meg til slutt.

Eg merka kor Lena stivna ved sida av meg.  
– Float? spurde Birgitte usikkert.

Ein kveld tidleg i sommar, medan vi sat på altanen og drakk ettermiddagskaffi, hadde pappa og onkel Tor begynt å prate om den gongen dei var små og bygde ein flåte som dei kom seg heilt til byen med. Det var nok ikkje meininga at Lena og eg skulle høyre det, for pappa fekk eit bekymra uttrykk i ansiktet då han oppdaga at vi følgde med. Og så hadde dei dyssa ned heile historia og begynt å prate om noko anna. Men då var det for seint. Kunne pappa og onkel Tor fare over fjorden på ein sjølvbygd flåte, så kunne Lena og eg. Sidan hadde vi samla vrakgods i smug gjennom heile sommaren og gøymt det i gamlenustet.

No stod eg her i hagen og prøvde å forklare kva ein flåte var, på engelsk. Eit par gongar såg eg hjelpelaust på Lena, men ho stira berre sint tilbake.

– It's a thing that ... eh ... you float on it on the sea ... eh, it's a ...

– A raft, sa Lena til slutt, som om ho ikkje orka å høyre på kløninga mi meir.

Birgitte lyste opp. Eg peika nedover markene, på gamlenustet, så ho skulle skjønne kvar lageret vårt var.

– OK, sa ho litt usikkert. – Haas, kom!

Så forsvann ho gjennom hòlet i hekken og opp på vegen, med krøllar og hund og heile sulamitten.

Lena streka gjennom hagen som ein soldat i krig. Eg sprang etter.

– Har det skjedd noko? spurde Ylva, mor hennar, då vi kom dunderande inn i stova.

– Ja! ropte eg. – Det har flytta ei jente hit som er like gammal som oss.

Ylva sette brillene opp på hovudet og stira vantru på meg.

– Hæ? Ei som skal gå i klassen dykkar?

Eg nikka ivrig. Dette var eit mirakel.

– Men då blir de endeleg to jenter, Lena! sa Ylva opprømt. – Tenk så bra for miljøet.

Lena såg ut som om ho hadde fått ei blautkake i ansiktet.

– Miljøet? brølte ho. – Eg drit no vel i miljøet! Det var Trille og eg som skulle bygge ... det der du veit, Trille. Og det var hemmeleg.

Ylva heva augebryna mistenksamt.

– Kva hemmeleg?

– Ingenting, sa Lena hardt.

– Ingenting?

– Nei. Men det var uansett Trille og eg som skulle gjere det. Ikkje ein krølltopp frå Nederskrulleland som

vi ikkje kjenner eingong!

– Eg ville jo berre vere hyggeleg, sa eg.

– Du skal alltid vere hyggeleg, du, din erkeengel! Du er så hyggeleg at ein kan spy av det! ropte Lena.

Eg stira vantru på henne.

– Lena Lid!

Det er ikkje så ofte Ylva hevar stemma.

– Hugsar du den dagen vi flytta hit til Knert-Ma-thilde?

– Nei, sa Lena tvert.

– Då skal eg minne deg på det, sa Ylva sint. – Berre ein time etter at vi hadde kome, så ringde det på døra. Der stod det ein *hyggeleg* gut og lurte på om du ville kome ut og leike. Hugsar du kven det var?

Lena kneip munnen saman og såg fort på meg.

– Nettopp, sa mor hennar. – No seier du unnskyld, og det på flate flekken.

Lena var skrudd på lydlaus ei heil stund.

– Unnskyld, mumla ho til slutt.

Det høyrdest ut som ho måtte drage ordet ut av blindtarmen.

– Unnskyld sjølv, svarte eg kort.

Det var urdårleg gjort å røpe flåtehemmelegheita til ein utanforståande, men kvifor skulle ho alltid vere så vanskeleg?

– Den hersens flaskeposten, mumla Lena. – Er Knert-Mathilde magnetisk, eller?

– Det var no ein utlending som fann han, då, sa eg og prøvde meg på eit smil.

Eg fekk ei sofapute i ansiktet til svar.

Då eg tusla heim att den kvelden, måtte eg stoppe og sjå utover fjorden. Kveldshimmelen spegla seg i blankt hav. Ei uvand kribling sette seg fast nedst i magen. Kom Birgitte verkeleg til å dukke opp?

## *Ein engel i naustet*

Før vi kom oss ned i fjøra neste dag, hadde Lena lese seg grundig opp på Nederland. Eller, det vil seie, ho hadde spurt Isak, den klokaste i Knert-Mathilde.

– Eg treng søren ta verken bok eller internett etter at den fyren flytta inn. Det er berre å skrive inn søkeord og trykke han på navlen.

Ho heldt ei lita forelesning for meg medan vi organiserte skrotet vårt og venta på Birgitte. Det er veldig mange folk i Nederland, fortalde ho, og store delar av landet ligg under vatn.

– Under vatn?

– Ja, dei har bygd demningar så havet ikkje skal tyte inn og lage overfløyming. Men Isak seier det er eit bra land. Dessutan er dei ekstremt gode i fotball.

Det med fotballen hadde tydelegvis gjort at Lena såg litt lysare på situasjonen. Ho er framleis keeper på gutelaget vårt. Når ho får stå der bak og kommandere og kjefte, då er ho i sitt ess. Sjølv begynner eg å bli lei heile fotbal-

len. Eg er ikkje noko god. Alle i klassen spelar, men av og til tenker eg at eg burde slutte likevel.

Då Birgitte endeleg kika inn naustdøra, var det fotballen Lena begynte å prate om med ein gong. Ho bombarderte Birgitte med spørsmål, og Birgitte kunne ikkje svare på eit einaste eitt.

– Sorry, I’m really not that interested in football, unnskylda ho seg.

Lena stod stum bak skrotet vårt med ein hammar i handa. Eg var redd situasjonen skulle kome ut av kontroll, og klappa hendene saman.

– Let’s build.



Så rart det var å ha ei framand jente midt i prosjektet vårt. Det var berre så vidt eg våga å sjå på henne. Det var nesten som å ha fått ein engel inn i naustet. Når ho løfta ein planke, gjorde ho det forsiktig – som om ho aldri hadde gjort det før. Kanskje ho ikkje hadde gjort det før? Lena turnerte vrakgods og spikar i vill fart. Det blir sjeldan særleg fint, det Lena lagar, men ho får det som regel til på ein eller annan måte. No kjente eg at eg vart irritert fordi ho ikkje kunne ta litt meir omsyn til den stille jenta frå Nederland.

Til slutt stod Birgitte mest og såg på. Kanskje ho syntest vi var heilt rare? Eg har aldri tenkt over om det Lena og eg gjer, er merkeleg. Men no plinga tanken rundt heile tida. Var vi barnslege?

– Lena, kviskra eg då vi var ute og henta fleire plastdunkar. – Skal ikkje vi prøve å få henne med litt meir?

Lena såg på meg som om eg hadde spurt henne om å trylle fram eit rådhus. Då ho kom inn i naustet igjen, geleida ho Birgitte opp på hemsen og gav henne eit laken og målaraskrinet til Krølla, kvar ho no hadde fått tak i det.

– You can paint the sail, forklarte ho og klatra ned igjen. – Send meg hammaren, Trille.



Sjølv om Birgitte sat på hemsen og måla og vi var nede og snikra, fekk vi vite ein heil del denne formiddagen. Faren til Birgitte var forfattar og skulle ha eit skriveår. Mor hennar var arkitekt, men hadde lyst til å prøve noko anna ei stund. Dei hadde lenge drøymt om å bu på ein liten gard i Noreg. Dei to storebrørne hennar skulle tilbake til Nederland når skulen begynte. Dei gjekk på vidaregåande.

Ryktet om jenta frå Nederland susa som ein vind



gjennom vika, og då vi kom opp for å ete formiddagsmat, dukka den eine etter den andre tilfeldig opp på kjøkkenet vårt. Ylva kom for å kjøpe egg, og søskena mine, som lèt som om dei ikkje bryr seg om nokon ting for tida, brukte lang tid på å leite etter forskjellige ting i skapa. Mamma sette til og med fram nugattien sjølv om det ikkje var laurdag. Inni meg vaks stoltheita. Det var eg som hadde funne henne!

– Hø-høøøøm! sa Lena til slutt og nikka mot naustet.

Det siste snikkararbeidet gjorde vi i sola ute i fjøra. Birgitte sat på ein stein og såg på. Var det skikkeleg teit å bygge flåte? Eg brukar i grunnen ikkje å bomme på spikar og slikt, men denne dagen slo eg tommelen to gongar. Heldigvis greidde eg å late som ingenting.

Då vi var ferdige, henta Birgitte seglet og rulla det ut. Lena og eg mista munn og mæle. Ho hadde måla himmel og hav, og solskin – og som to sjørøvarar heilt fremst hadde ho teikna Lena og meg. Det var det finaste eg nokon gong har sett at nokon på min alder har laga.

– Wow! sa eg. – Det er fantastisk.

Eg slo ut med armane og vende meg mot Lena. Ho gapte som ein fisk, ho også, men så smelte ho munnen igjen.

– Toler det vatn? spurde ho praktisk.

## *Første sjøsetting og ein hersens storebror*

– No ropar dei snart at det er middag, klaga Lena stressa og tok spenntak under flåten.

Han rikka seg ikkje ein centimeter. Eg skubba alt eg greidde bak. Birgitte tok i på eine sida, men det hjelpte ikkje.

– Skubb bak med Trille, kommanderte Lena. – Skikkeleg.

Birgitte puffa forsiktig i flåten ved sida av meg.

– Ta i då, for svingande svada! gaula Lena.

Eg såg olmt på henne. Det hjelpte å bli sinte. Vi vart sterke av det, både Lena og eg. Flåten skrapa over steinane.

Straks han fekk vatn under seg, sleppte han grunnen og duva lett og stilt på vatnet. Vi klatra forsiktig om bord, ein etter ein.

Eit par sekund var alt som det skulle, men så kjente vi at noko gav etter. Eg flytta litt på meg så vi ikkje skulle kantre.

– Help! kviskra Birgitte og greip om masta.

Først bobla det rundt fjølene, så surkla vatnet innover treverket og krølla seg nådelaust rundt leggane våre, og til slutt støyte heile flåten mot sandbotnen med eit sukk.

Der stod vi. Alt som stakk opp av vatnet, var halve oss, ei halv mast og eit segl som flaut opp og vart til akvarell.

– Det går ikkje med tre, sa Lena mellom samanbitne tenner.

Og så hørde vi latter i fjøra.

Når korthusa mine rasar og flåtane mine søkk, då dukkar Magnus opp som ei ånd. Eg trur ikkje eg har tryna på sykkel ein einaste gong utan at han har sett det. No lente han seg mot naustveggen og slo seg på låra.

– Ikkje sei at det er ein flåte. Ikkje sei det! Eg døyr, hiksta han.

Lena hoppa av. Farkosten vår sleppte botnen og flaut nesten opp til overflata.

– Ser du ikkje at det er ein ubåt, din løk! ropte ho.

Då lo Magnus så han ikkje fekk puste.

Er det mogleg? tenkte eg. Han er snart femten år. Kan

han ikkje finne andre ting å le av enn sin eigen veslebror? Eg såg brydd på Birgitte.

– Eg sver, mumla Lena. – Eg sver at innan sola står opp i morgon, så er denne flåten idiotsikkert flytande og vi halvvegs til byen.

Og når Lena sver, då blir det slik. Etter middag var vi i naustet og gjorde forbetringar. Birgitte hadde gått heim.

– Han hadde ikkje vore trygg nok for to heller, sa eg då vi hadde fått snudd han rundt og hadde begynt å legge endå eit lag med isopor.

Lena svarte ikkje. Ho berre svinga hammaren så hardt at eg ikkje ville ha vore spikar, for å seie det slik.



Då eg kom inn om kvelden, var det kaos i hovudet etter dagen i naustet, men heime var det som vanleg full symfoni. Minda og mamma krangla så busta fauk om eit eller anna som Minda tydelegvis ikkje fekk lov til å reise på, Krølla spelte blokkfløyte, og Magnus sat i ein stol med øyreklokker og klukklo når han såg meg.

Eg smatt gjennom døra ned til farfar si leilegheit. Der nede er familien min berre dumpe lydar langt borte.